

Asplan Viak
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen

Bergen, 27.8.2014

Kommentarar til varsel om oppstart av reguleringsplan

Vi viser til brev av 11.7.2014 med varsel om oppstart av detaljplanarbeid for Årstad gnr 15, bnr 124, 242 m.fl. i Conrad Mohrs veg, Bergen kommune.

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) meiner at ei utbygging som planlagt, vil gjera stor skade på naturmiljøet ved Kristianborgvatnet. Særleg skog- og våtmarksområdet sør for vatnet, men også heile strandsona rundt vatnet er svært sårbar for inngrep og forureining. Bekken frå Kristianborgvatnet renn gjennom våtmarksområdet og vidare sørover mot Nordåsvatnet, der den renn ut i Fjøsangerbukta. Denne bekken var tidlegare sterkt gjengrodd og forureina, men etter at kloakkutsleppet i Nordåsvatnet blei stoppa, har Bergen kommune og Statens Vegvesen renska opp i bekken slik at fisken kan gå opp i Kristianborgvatnet igjen frå Nordåsvatnet. Denne fiskebestanden vil kunna bli skadelidande ved utbygging.

I vatnet og skogen i sørenden av vatnet, som er eit populært tur- og friområde for nærområdet, er det observert eit rikt dyreliv med bl.a. fleire fugleartar som svane, hegre, stokkand, toppand og sothøne m.fl. Her går og ein gang- og sykkelveg, som også er skuleveg for elevar på Minde skole, og gangveg til busstopp og butikk (Rema 1000). Utbygginga vil kunne rasera denne siste grønne lunga i eit stort boligområde, og det sårbare naturmiljøet på sørsida av vatnet. NVH kjenner seg ikkje trygg på at ei så drastisk utbygging som den Odfjell SE planlegg, vil kunna gjennomførast samstundes med at «dagens grøntstruktur bevaras».

Vi veit at Bergen kommune planlegg ei gigantisk utbygging i området kring «Mindemyren» like nord for Conrad Mohrs veg, med 11 000 nye arbeidsplassar og 4-5 000 boligar, bybanestopp og sidespor til Fyllingsdalen og Haukeland sjukehus. Området rundt Kristianborgvatnet, saman med den nærliggande Langeskogen får dermed endå større verdi som nærfriområde og rekreasjonsområde. NVH er derfor svært skeptisk til utbyggingsplanane, og forventar at det blir lagt fram ei fylldig konsekvensutgreeing når planane blir lagt fram til offentleg ettersyn.

Med venleg helsing
For Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme (leiar)
(saksbehandlar)

Oddvar Skre